

Alt om Messi

Det var Messis bestemor som først såg at Messi hadde talent. Ho maste slik at han fekk vere med på eit fotballag, sjølv om trenaren meinte han var for liten. Då Messi fekk ballen første gong, dribla han alle dei store gutane heilt vekk. Etter det fekk han vere fast på laget. Bestemora til Messi døydde då han var 11 år gammal. Han var veldig glad i henne. Når han scorar, kikkar han opp og peiker mot himmelen for å vise at han tenkjer på henne.

Då Messi var barn, hadde han problem med å vekse. Han fekk sprøyter med veksthormon for å vekse normalt. Mange klubbar ønskte seg Messi allereie då han var 12–13 år gammal, og han drog til Barcelona. Dei betalte for sprøytene hans, for dei var dyre. Messi budde i Barcelona med faren og storebrørne. Han var veldig sjenert og snakka nesten aldri med nokon utanfor banen. Han blei etter kvart god venn med Cesc Fàbregas og Gerard Piqué. Piqué forsvarte alltid Messi når motstandarane takla han hardt.

Messi fekk det internasjonale gjennombrotet sitt i U-20 VM i 2005, då han blei toppscorar og blei kåra til den beste spelaren i turneringa.

INFO

Namn: Lionel Andrés Messi
Kallenamn: Leo. Lio. Loppen,
Messias
Fødselsdato: 24. juni 1987
Fødestad: Rosario, Santa Fe,
Argentina



Gerard Piqué og Messi. Høgast og lågast på Barcelona.

Oppgåver:

Sjå Elevbok 6B side 221.
Gjer oppgåvene 1–5.